



## DET KONGELIGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Innovasjon Norge Hovedkontoret  
Postboks 448 Sentrum  
0104 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

17/7-23

24. januar 2018

### Statsbudsjettet 2018 - oppdragsbrev til Innovasjon Noreg

I oppdragsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendt 15.1.2018, er det oppgitt feil beløp på bevilgninga på kapittel 550, post 70. Departementet sender difor korrigert oppdragsbrev, som erstattar tidlegare brev.

#### 1 Økonomisk ramme til disposisjon for 2018

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) gjev i dette oppdragsbrevet ramma til Innovasjon Noreg over kap. 550, post 70, og 553, postane 65 og 74. Departementet delegerer forvaltninga av ramma til Innovasjon Noreg.

Departementet viser til Prop. 1 S (2017–2018) for departementet og Innst. 16 S (2017–2018). Det er laga egne retningslinjer for forvaltninga av kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74 (sjå vedlegg 1). Oppdragsbrevet inneheld presiseringar av dokumenta som er nemnde ovanfor.

*Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Innovasjon Noreg i 2018*

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
550	62	Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta <sup>1</sup>	51 200
550	70	Bedriftsretta program i distrikta	30 162
553	65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden	15 000
553	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø	116 711
<b>SUM</b>			<b>213 073</b>

<sup>1</sup> Administrasjons- og gjennomføringskostnader for Innovasjon Noreg sitt fylkeskommunale oppdrag i 2018, inkludert eventuelle omstillingskostnader for Innovasjon Norge.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Regionalpolitisk  
avdeling

Saksbehandler  
Iver Grøtting  
Prestkvern  
22 24 70 53

Departementet stiller totalt 213,1 millionar kroner til disposisjon for Innovasjon Noreg i 2018. Løyvingane skal også brukast til administrasjons- og gjennomføringskostnadene som er knytte til ordningane. Det inkluderer kostnader i samband med evaluering og analysar.

Det er ikkje høve til å omdisponere mellom kapitla. Bruken av midlane skal følgje avtalte programplanar. Forslag om endringar i bruk skal avklarast med departementet i styringsdialogen.

## **2 Mål for Innovasjon Noreg og andre fellesføringar frå departementa**

Meld. St. 22 (2011–2012) *Verktøy for vekst – om Innovasjon Norge og SIVA SF* slo fast målstrukturen for Innovasjon Noreg. Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til oppdragsbrevet for 2018 frå Nærings- og fiskeridepartementet for fellesføringar.

## **3 Føringar i oppdraget frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

### **3.1 Mål for 2018**

Ei prinsippmelding for by- og distriktpolitikk – Meld. St. 18 (2016–2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt* – blei lagd fram i 2017. Meldinga viste mellom anna korleis hovudutfordringa framover er å lykkast med nødvendige omstillingar og samtidig ta vare på dei små regionale skilnadene vi har i Noreg. Meldinga inneheldt derfor nye overordna mål: Målet for regional- og distriktpolitikken til regjeringa er regional balanse gjennom vekstkraft, likeverdige levekår og berekraftige regionar i heile landet. Ein berekraftig region har ei balansert samansetjing av befolkninga og forvaltar menneskelege ressursar og naturressursar for utvikling og verdiskaping no og i framtida. Dette vil leggje til rette for å halde på hovudtrekka i busetjingsmønsteret.

Meldinga gav grunnlag for ein tydeligare skilnad mellom regionalpolitikken og distriktpolitikken. Regionalpolitikken skal leggje til rette for vekst og utvikling i heile Noreg ved at ulike delar av landet kan få mest mogleg ut av potensialet sitt. Politikken skal ta utgangspunkt i regionale moglegheiter, basert på lokal kjennskap og lokalt initiativ. Distriktpolitikken skal i tillegg jamne ut skilnader mellom område (også internt i regionane) ved å kompensere for ulemper ved geografisk plassering, slik som reiseavstand og små marknader. For distriktpolitikken står målet om likeverdige levekår også sentralt.

Dei nasjonale verkemiddelaktørane har ei sentral rolle i arbeidet med å realisere desse måla. Bruken av midlane skal vere i tråd med retningslinjene for kap. 550, post 70, og kap. 553, post 74, og dei skal forvaltast effektivt.

### **3.2 Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane og kommunane**

Innovasjon Noreg skal samarbeide med fylkeskommunane, Siva og Forskringsrådet om dei regionale måla og strategiane for næringsutvikling. Eit konstruktivt regionalt samarbeid er viktig for at ein kan nå måla for regional- og distriktpolitikken. Samarbeidet skal bidra til ei

avklart arbeidsdeling mellom verkemiddelaktørane og ein god regional infrastruktur for innovasjon.

### **3.3 Nærare om oppdraget frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

#### **Hovudmål 1: Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjev ei løyving til Mentortenesta for gründerar og Bioraffineringsprogrammet på 30,2 millionar kroner over kap. 550, post 70 Bedriftsretta program i distrikta. Innsatsen i dei to programma skal bidra til delmål 1.1, eit verdiskapande næringsliv i område med spreidd busetjing og store avstandar.

Mentortenesta for gründerar skal auke kunnskapen til gründerar om forretningsutvikling, vurdering av marknadsmoglegheiter og det å drive eiga bedrift.

Bioraffineringsprogrammet skal bidra til å byggje opp ei ny vekstnæring som kan utvikle fleire kompetansearbeidsplassar i Distrikts-Noreg og auke verdiskapinga i viktige distriktsnæringar.

Midlane skal berre nyttast i verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte.

#### **Andre løyvingar forvalta av Innovasjon Noreg under hovudmål 1**

Departementet gjev ei løyving til fylkeskommunane over kap. 550, post 62 Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta, på til saman 487,7 millionar kroner. Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar, og distriktsretta tilskot til etablerarar. På bakgrunn av vedtekne fylkeskommunale planar og strategiar gjev fylkeskommunane oppdrag til Innovasjon Noreg om å forvalte ordningane. Fylkeskommunane har høve til å omdisponere mellom kap. 550, post 62 og post 64.

Løyvinga inkluderer kostnader for administrasjon og gjennomføring, inkludert eventuelle omstillingskostnader, i Innovasjon Noreg, som forvaltar av ordningane på oppdrag frå fylkeskommunane. Kostnadane er for 2018 berekna til 51,2 millionar kroner, og blir overførte direkte til Innovasjon Noreg frå departementet.

#### **Hovudmål 2: Omstillingsdyktige regionar**

Departementet gir ei samla løyving til programma Norwegian Innovation Clusters og Bedriftsnettverk på 116,7 millionar kroner over kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø. Innsatsen skal bidra til hovudmålet gjennom å leggje til rette for vel fungerande næringsmiljø og tilgang på relevant kompetanse (delmål 2.1). Midlane kan nyttast i heile landet.

### **Kap. 553, post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden**

Departementet fører vidare Innovasjon Noreg som nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid og har sett av 15 millionar kroner til dette i 2018. Innsatsen skal bidra til hovudmålet gjennom etablering av nye arbeidsplassar i kommunar/regionar som opplever ein vesentleg reduksjon i sysselsetjinga (delmål 2.3).

### **Bruk av midlar frå kap. 552, post 72**

Midlar som framleis står att på kap. 552, post 72, Nasjonale tiltak for regional utvikling, skal nyttast i tråd med dei måla og vilkåra som blei stilte for posten då midlane blei løyvde.

### **Disponering av ubrukte midlar**

Etter avtale med departementet kan Innovasjon Noreg nytte ubrukte midlar innanfor same delmål og kapittelpost som tidlegare løyva, der Innovasjon Noreg vurderer at innsatsen gjev best resultat.

### **Kriterium for måloppnåing i programma**

Departementet har fastsett nye mål for programkategori 13.50 og kriterium for resultatvurdering av ordningane som får finansiering frå postar under programkategorien. Departementet vidareutviklar indikatorar for enkelte av programma i tråd med desse endringane, i samarbeid med Innovasjon Noreg.

Kriteria Innovasjon Noreg skal nytte i vurderinga av resultat og effektar i oppdragsgjeverrapporten for 2017, er omtalte i vedlegg 3.

## **4 Oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa**

Regjeringa vil følgje opp målsettinga om auka verdiskaping i regjeringa sin Nordområdestrategi med å prioritere satsinga på leverandørutvikling høgare opp i verdikjeda. Satsinga starta i 2017, og det er lagt opp til at den skal gå ut 2020. Regjeringa har satt av 17 millionar kroner i 2018. Midla er øyremarka innanfor ramma til distrikts- og regionalpolitiske formål. Tiltaka er:

- kap. 553, post 74: 4 millionar kroner til leverandørutvikling for auka verdiskaping, innanfor ramma til Bedriftsnettverk i Innovasjon Noreg
- kap. 553, post 74: 4 millionar kroner til mobilisering av bedrifter til auka bruk av FOU, innanfor ramma til Forskingsrådets program FORREGION
- kap. 553, post 60: 9 millionar kroner til fylkeskommunane for kompetanseutvikling av tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning

I nysalderinga for 2017 blei det i tillegg løyvd 5 millionar kroner over kap. 553, post 60, til kompetanseutvikling av eigne tilsette i næringslivet gjennom etter- og vidareutdanning.

Satsinga skal gjennomførast i tett samarbeid mellom regjeringa, fylkeskommunane i Finnmark, Troms og Nordland, Sametinget, Innovasjon Noreg og Forskingsrådet i tråd med regjeringa sin nordområdestrategi.

## **5 Administrative føringar**

Departementet viser til dei administrative føringane i oppdragsbrevet til Innovasjon Noreg frå Nærings- og fiskeridepartementet for 2018. Felles rapporteringskalender for 2018 følgjer som vedlegg til oppdragsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet ber Innovasjon Noreg halde fram med å prioritere kvinner og bidra til fleire kvinnelege entreprenørar, i tillegg til å få fleire kvinner inn i leiing og styre. Målet er at 40 prosent av dei direkte bedriftsretta verkemidla skal nå fram til kvinner.

### Kommunikasjon og informasjon

Innovasjon Noreg skal aktivt vise fram resultat selskapet har oppnådd innanfor oppdraget frå departementet, og skal varsle ved eventuelle endringar innanfor politikkområdet som departementet burde kjenne til. Innovasjon Noreg skal også varsle om aktuelle saker den politiske leiinga i departementet kan vere med på å vise fram. Innovasjon Noreg skal vidare orientere departementet i god tid før offentleggjeringa av relevante utgreiingar eller rapportar som Innovasjon Noreg har ansvar for. Varslingsrutinane mellom Innovasjon Noreg og departementet skal følgjast. Vi viser elles til fellesføringar for departementa i oppdragsbrev frå NFD.

### Rapportering

Innovasjon Noreg skal rapportere til departementet i tråd med vedlegg 2 til dette brevet. Innovasjon Noreg skal rapportere om måloppnåinga med data frå mål- og resultatstyringssystemet og andre støttande analysar.

### Overføring av midlar

Departementet overfører midlane i tre delar – i februar, juni og oktober 2018. Midlane blir overførte til dei same kontoane som i 2017.

### Styringsdialog

Departementet inviterer til faste styringsmøte kvart halvår.

Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Iver Grøtting Prestkvern  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Vedlegg 1: Retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemiddel for kap. 550, post 70 og 73 og kap. 553, post 74 og 76.

Vedlegg 2: Veileder til tall- og aktivitetsrapportering for kap. 550, post 70 og 62. Kap. 553, post 74 og 65.

Vedlegg 3: Rammefordeling av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk 2018

**Vedlegg 2: Oversikt indikatorer for rapportering og veileder til tall- og aktivitetsrapportering for kap. 550, post 70 og 62. Kap. 553, post 74 og 65.**  
(Sist revidert januar 2018)

Vedlegget inneholder:

1. Oversikt over indikatorer Innovasjon Norge skal rapportere på i oppdragsgiverrapporten til departementet
2. Veileder til tall- og aktivitetsrapportering på tilsagn gitt over kap. 550, post 70 og 62, og kap. 553, post 74 og 65 (tall- og aktivitetsrapportering til KMD).

Innovasjon Norge rapporterer direkte til departementet. Fristene er fastsatt i oppdragsbrevet fra Nærings- og fiskeridepartementet.

**1. Rapportering på innsats, aktivitet, resultat og effekter til KMD:**

Innovasjon Norge skal med utgangspunkt i eget MRS system og støttende analyser rapportere til KMD i oppdragsgiverrapporten på følgende indikatorer:

Kapittel og post	Indikatorer
Kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene	<ul style="list-style-type: none"><li>• sum bevilgede midler fra posten og andel adm.-og gjennomføringskostnader.</li><li>• addisjonalitet</li><li>• risikoprofil</li><li>• antall og type prosjekter</li><li>• kvinneandel</li><li>• størrelse på prosjektene</li><li>• geografisk nedslag</li><li>• nyskaping</li><li>• verdiskaping<sup>1</sup></li><li>• sysselsetting</li><li>• omstilling</li><li>• ringvirkninger<sup>2</sup></li><li>• andel utløst privat kapital</li></ul>
Kap. 550.70 Mentortjenesten	<ul style="list-style-type: none"><li>• sum bevilgede midler fra posten og andel adm.-og gjennomføringskostnader</li><li>• antall deltakere</li><li>• kvinneandel</li><li>• geografisk nedslag</li><li>• innovasjonsgrad</li><li>• sysselsetting</li><li>• verdiskaping</li></ul>
Kap 550.70 Bioraffineringsprogrammet	<ul style="list-style-type: none"><li>• sum bevilgede midler fra posten og andel adm.-og gjennomføringskostnader</li></ul>

<sup>1</sup> Verdiskaping (bruttoprodukt) beskriver verdiøkningen eller tilleggsverdien som en bedrift gir et produkt eller tjeneste. For å måle verdiskaping har Innovasjon Norge benyttet selskapets resultat før renter, skatter, avskrivninger korrigeret for opp-/nedskrivninger (EBITDA) pluss lønn.

<sup>2</sup> Det legges vekt på at innsatsen skal gi positive ringvirkninger for det lokale samfunnet og næringslivet

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• kvinneandel</li> <li>• nye produksjonsprosesser med utgangspunkt i fornybare råvarer</li> <li>• geografisk nedslag</li> <li>• høyt internasjonalt innovasjonsnivå</li> <li>• bevisstgjøring om nye markedsmessige og teknologiske muligheter</li> <li>• andel utløst privat kapital</li> <li>• økt verdiskaping</li> </ul>
Kap. 553.74 Norwegian Innovation Clusters og Bedriftsnettverk	<ul style="list-style-type: none"> <li>• sum bevilgede midler fra posten og andel adm.-og gjennomføringskostnader</li> <li>• utvikling i innovasjonssamarbeid</li> <li>• innovasjonsgrad i utviklingsprosjekt</li> <li>• verdiskaping i deltakerbedriftene</li> <li>• regionale ringvirkninger (kun Norwegian Innovation Clusters)</li> </ul>
Kap. 553.65 Omstillingsprogr am ved akutte endringar i arbeidsmarknad en	<ul style="list-style-type: none"> <li>• antall nye eller sikrede arbeidsplasser og nye bedrifter etablert som følge av omstillingsarbeidet</li> <li>• i hvilken grad omstillingsarbeidet har bidratt til å styrke næringsgrunnlaget, slik at kommunen/regionen blir mer robust med en mer variert næringsstruktur</li> <li>• om bevilgningen har bidratt til å styrke utviklingsevnen i området i løpet av omstillingsperioden</li> </ul>

## 2. Veileder til tall- og aktivitetsrapportering av tilsagn gitt over kap. 550, post 70 og 62, og kap. 553, post 74 og 65.

Innovasjon Norge skal også rapportere inn tall- og aktiviteter som benyttes i den årlige rapporten KMD utarbeider for å synliggjøre bruk av midler under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Rapporten baserer seg på rapportering fra kommuner, regionråd, fylkeskommuner, Siva, Forskningsrådet, Innovasjon Norge og departementet for gjeldende rapporteringsår. Rapporten viser fordelingen av midlene etter fylke, sentralitet, forvalter og beløp per innbygger.

### 2.1. Innhold i tall- og aktivitetsrapportering til KMD

- Prosjektnavn og navn på kunde
- Type midler: Her registreres det om det er et program eller andre typer prosjekter, tiltak eller tjenester (eks. analyser, utredninger mv.)
- Kategorier: Prosjektene kategoriseres etter hovedmål og kategorier (se veileder)
- Geografi: Tiltaket skal registreres i den eller de kommunene hvor tiltaket får størst effekt. Jo mer stedbundet prosjektet er, dess færre kommuner skal registreres.
- Målgrupper: Kvinneandeler rapporteres etter Innovasjon Norges egne indikatorer og redegjøres for i årsrapporten. I denne rapporteringen skal det rapporteres på om prosjektet er kvinnerettet.

## **2.2. Nærmere definisjon av kvinnerettet tiltak:**

For flerbedrifts-, nettverks- og klyngeprosjekter skal dette defineres som kvinnerettet dersom prosjektet bidrar til å fremme kvinners deltakelse i næringslivet. 0 = nei, 1 = ja. Ellers vises det til Innovasjon Norges egne indikatorer for å måle kjønnsbalanse.

## **2.3. Oversikt kategorier:**

### **0800 – Administrasjons- og gjennomføringskostnader**

Kategorien omfatter forvalterens egne administrasjons- og gjennomføringskostnader, jf, retningslinjene punkt 2.1. Kategorien skal *ikke* benyttes når det er prosjektrelaterte kostnader, som regnes som driftskostnader i prosjekt. Kostnadene skal ikke overskride 5 pst. av midlene fylkeskommunen selv forvalter det enkelte budsjettår. Andre aktører enn de nasjonale virkemiddelaktørene kan også bruke inntil 5 pst. av midlene de forvalter til å dekke gjennomføringskostnader. For Innovasjon Norge, Siva, Forskningsrådet gjelder egne regler. Kostnadene skal registreres på hele fylket.

### **1110 – Direkte støtte til etablerte bedrifter (bedrifter eldre enn 5 år)**

Kategorien omfatter direkte støtte til etablerte bedrifter som bedriftsutviklingstilskudd, investeringstilskudd og distriktsrettede risikolån.

Kategorien skal ikke benyttes ved kjøp av tjenester.

### **1245 – Tiltak for å fremme bedriftssamarbeid og klynger**

Kategorien omfatter tiltak som mobiliserer bransjer/bedrifter/bedriftsmiljø til å etablere samarbeid og nettverk.

Kategorien omfatter også aktiviteter for å utløse og forsterke samarbeidsbaserte utviklingsaktiviteter i klynger, med sikte på å øke klyngenes dynamikk og attraktivitet og bedriftenes innovasjonsevne og konkurransekraft.

*Norwegian Innovation Clusters* er Innovasjon Norge, Siva og Forskningsrådets helhetlige støttetilbud til organiserte klynger. Det består av:

- *Arena* omfatter klynger med nyetablerte og/eller umodne samarbeidsinitiativ.
- *Norwegian Centres of Expertise (NCE)* omfatter klynger med en etablert organisasjon med velutviklede tjenester, partnere og oppnådde resultater fra samarbeidsprosjekter.
- *Global Centres of Expertise (GCE)* skal bidra til økt verdiskaping og forsterket attraktivitet og posisjon innenfor globale verdikjeder gjennom strategiske samarbeidsprosjekter.

Kategorien inkluderer også tiltak som understøtter organiserte klynger som inngår i ovennevnte program.

### **1270 – Profilering og internasjonalisering av bedrifts-/næringsmiljøer**

Kategorien omfatter tiltak for profilering og internasjonalisering av bedrifts-/næringsmiljøer, og som gagner et større miljø enn en enkeltstående bedrift. Kategorien skal ikke benyttes for tilskudd til nasjonale program for næringsutvikling

### **1280 – Regional omstilling**

Kategorien omfatter tiltak og arbeidsinnsats for regional omstilling

**1310 – Direkte støtte til bedrifter yngre enn 5 år**

Kategorien omfatter etablerertilskudd og annen direkte støtte til bedrifter yngre enn 5 år, som bedriftsutviklingstilskudd, investeringstilskudd og distriktsrettet risikolån. Kategorien skal ikke benyttes ved kjøp av tjenester.

**1330 – Etablerertjenester (ikke direkte støtte til bedrifter)**

Kategorien omfatter etablererkontorer, etablererskoler/-kurs og etablererveiledning.

**1370 – Andre verdiskapingstiltak**

Kategorien brukes unntaksvis dersom ingen andre kategorier er dekkende. Det skal gis en kort forklaring på hva slags type prosjekt det er, og en begrunnelse for å støtte prosjektet.

**Fordeling av løyving på programkategori 13.50 2018 (i 1 000 kr)**

Kap	Post	Betegnelse	KMD	Fylkeskommunane	Innovasjon Noreg	Siva	Forskningsrådet	Distriktssenteret	Totalt
550		<b>Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta</b>							<b>833 830</b>
	62	Bedriftsretta låne - og tilskotsordningar i distrikta		487 714					487 714
	64	Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn		154 420					154 420
	70	Bedriftsretta program i distrikta			30 162	85 500			115 662
	73	Merkur - programmet	48 307						48 307
554	01	Kompetansesenter for distriktutvikling						27 727	27 727
553		<b>Omstillingsdyktige regioner</b>							<b>585 144</b>
	60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse		142 000					142 000
	63	Grenseregionale Interreg-program		51 300					51 300
	65	Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden		97 000	15 000				112 000
	74	Nasjonale tiltak for klyngjer og innovasjonsmiljø			116 711	55 200	77 933		249 844
	76	Utviklingsprogram for byregionar og internasjonalt samarbeid	30 000						30 000
		<b>Sum programkategori 13.50</b>							<b>1 418 974</b>